



# STRYN KOMMUNE

## Startlån

### Stryn kommune sine retningslinjer for tildeling

(Vilkåra er henta frå Forskrift om lån frå Husbanken, Kapittel 5 Startlån)

#### 1. Formål

Startlån skal medverke til at husstader som har problem med bustadetablering skal få høve til å etablere seg og bli buande i nøkterne og gode bustader. Finansieringa skal gje husstanden stabile butilhøve.

Veileder startlån: <https://nedlasting.husbanken.no/Filer/7b19.pdf>

#### 2. Kven kan få lån

Startlån er behovsprøvd og kan omfatte:

- Barnefamiljar
- Einslege forsørgjarar
- Funksjonshemma
- Trygdemottakarar
- Andre husstandar med økonomiske vanskar.

I vurderinga skal ein legge vekt på om søkjar forventast å ha langvarige problem med å finansiere bustad og om moglegheita til sparing er nytta.

Ungdom i etableringsfasen er iflg. forskrifta ikkje i målgruppa for startlån dersom dei ikkje i tillegg fyller vilkåra som er lista opp over.

Ein må vere busett i Stryn kommune for å få innvilga startlån frå kommunen.

Lånesøklarane må dokumentere at husstanden sine framtidige inntekter og eventuelle stønader er tilstrekkelege til å betale renter og avdrag på lån i tillegg til vanlege levekostnader. Dokumentasjonen kan ein gje i form av ei eigenvurdering av økonomien etter låneopptaket. Kommunen krev ytterlegare dokumentasjon av alle inntekter og faste utgifter av relevans for lånesøknaden.

Alle medlemmer i husstanden som medverkar til nødvendig inntektsgrunnlag, bør normalt også vere låntakar.

Vanlege årsaker til avslag kan vere: Ikkje rekna som økonomisk vanskelegstilt, for usikker/låg inntekt til å betene eit lån, stor risiko for å ikkje kunne betene lånet gjennom heile låneperioden, kommunen har ikkje meir startlånmidlar tilgjengeleg.

### **3. Kva kan ein få lån til:**

- Kjøp av bustad
- Utbetring og tilpassing av bustad
- Oppføring av ny bustad
- Refinansiering av dyre lån dersom det bidreg til at husstanden kan verte buande i bustaden

Stryn kommune vil vurdere husstanden sitt behov, både med omsyn til bustad og finansiering. Val av bustad og finansieringsløyving vert gjort utifrå føresetnaden om at husstanden kan bli buande i bustaden. Det er eit vilkår at bustaden ikkje vert dyrare enn at søkjar kan betale buutgiftene over tid og likevel ha nødvendige midlar til livsopphald.

#### Nærare om bustaden:

Bustaden skal vere rimeleg og nøktern i høve prisnivået på staden. Akseptabel kjøpesum kan difor variere noko frå stad til stad. Det kan vere aktuelt å godta høgare pris i pressområder. For bustader i burettslag, vil både kjøpesum og del av fellesgjeld bli lagt til grunn for vurderinga.

### **4. Låneutmåling**

Låneutmålinga vert fastsett innanfor 100% av kjøpesummen, nybyggings- og utbetningskostnader eller bustaden sin verdi pluss eventuelle omkostningar. Storleiken på lånet vil vere avhengig av søkjarane sin økonomi og i tillegg eventuell låneutmåling frå annan långjevar.

### **5. Rente- og avdragsvilkår**

Startlån vert gjeve med utgangspunkt i Husbanken sine rente- og avdragsvilkår. Det vert lagt til 0,25% på rentesatsen til dekning av kommunen sine kostnader til administrasjon av ordninga.

### **6. Tryggleik for lånet**

Startlånet skal sikrast med tinglyst pant innanfor takst/marknadsverdi i aktuell eigedom. Ved fullfinansiering skal startlånet ha 1. prioritet. Ved eventuell delfinansiering, skal startlånet ha 2. prioritet.

## **7. Sakshandsamingstid**

Ein skal handsame søknader så snart som mogleg. Dersom ein har motteke all informasjon, og saka ikkje kan avgjerast innan ein månad, skal ein sende skriftleg melding om grunnen til det. Ein skal samstundes opplyse om når ein ventar at vedtaket vert gjort.

## **8. Klagerett**

Det er høve til å klage på kommunen sitt vedtak om tildeling, utmåling, avvising og avslag på lån, jf. Forvaltningslova. I klagen skal det gjerast greie for kva vedtak det vert klaga på og kva endring ein ønskjer. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Dersom det ikkje vert gjeve medhald i klaga, vert den å sende til vidare klagehandsaming i kommunen.